



Helse- og omsorgsdepartementet

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2667 - 14/11083

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

07.05.2014

Høyringsuttale - endringar i lov og forskrift om reservasjonsmoglegheit for fastlegar

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Andre mottakere:

Helse- og omsorgsdepartementet

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914
Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
027/14	Levekårsutvalet	PS	01.04.2014
38/14	Formannskapet	PS	03.04.2014
038/14	Kommunestyret	PS	24.04.2014

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	FA - G21	14/2667

Høyringsuttale - endringar i lov og forskrift om reservasjonsmoglegheit for fastlegar

Vedlegg:

Høyringsnotat

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Høyringsnotat om endringar i lov og forskrift om reservasjonsmoglegheit for fastleger blir lagt fram til politisk handsaming utan innstilling.

Levekårsutvalet - 027/14

LE - behandling:

Handsaming i Levekårsutvalet - 01.04.2014

Framlegget frå Asle Hetlebakke-Krf vart vedteke med 5 røyster (A.J. Hetland-H, O. Kristiansen-V, A. Hetlebakke-Krf, G. Melhus-Krf og E. Mosevoll-Krf)

Framlegget frå Bjørn Brunborg-Ap fekk 4 røyster og fall (B. Brunborg-Ap M. Bøe-Ap, J. Hellestveit-Sp og G.Husdal-Frp)

LE - vedtak:

Uttale frå Levekårsutvalet - 01.04.2014:

Levekårsutvalet meiner at det skal være likskap for lova. På prinsipielt grunnlag bør derfor Stortinget og ikkje den enkelte kommune, ta stilling til om fastlegar skal ha reservasjonsrett.

Formannskapet - 38/14

FO - behandling:

Framlegg frå N.Bognøy-Ap:

Formannskapet i Lindås støttar ikkje høyringsframlegg frå helse- og omsorgsdepartementet om å gje legar i kommunane reservasjonsmulighet.

Formannskapet meiner omsynet til pasientrettigheter må vega tyngre enn legars samvittighet.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (M-E Sandvik-H, A.Sylta-Ap og N.Bognøy-Ap)
Uttalen frå levekårsutvalet vart vedteke med 8 røyster.

FO - vedtak:

Innstilling:

Formannskapet meiner at det skal være likskap for lova. På prinsipielt grunnlag bør derfor Stortinget og ikkje den enkelte kommune, ta stilling til om fastlegar skal ha reservasjonsrett.

Kommunestyret - 038/14

KO - behandling:

Framlegg frå I.Fjeldsbø-H:

Kommunestyret i Lindås meiner at det ikkje skal innførast ein reservasjonsmulighet for fastlegar.
Kommunestyret meiner at omsynet til pasienten må vega tyngre enn legars samvit.

Framlegget vart vedteke med 16 røyster.

Framlegg frå A.Ramslien-Krf:

Lindås kommune anerkjenner samvittighetsfrihetens avgjerande betydning i eit demokratisk samfunn og støttar difor regjeringas framlegg til reservasjonsmoglegheit for fastlegar.

Framlegget fekk 13 røyster og fall.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:**Vedtak i kommunestyret 24.04.2014:**

Kommunestyret i Lindås meiner at det ikkje skal innførast ein reservasjonsmulighet for fastlegar. Kommunestyret meiner at omsynet til pasienten må vega tyngre enn legars samvit.

Lindås kommunestyre meiner at det skal være likskap for lova. På prinsipielt grunnlag bør derfor Stortinget og ikkje den enkelte kommune, ta stilling til om fastlegar skal ha reservasjonsrett.

Saksopplysningar:**Politisk handsaming**

- Saka skal til uttale i Levekårsutvalet 1. april
- Saka skal til innstilling i Formannskapet 3. april
- Saka skal avgjerast i Kommunestyret 24. april

Bakgrunn:

Helse- og omsorgsdepartementet foreslår i vedlagt høyringsnotat eit tillegg i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 tredje ledd. Tillegget skal gje heimel til forskrift om mulighet for fastlegar til å reservere seg mot tilvising og behandling ved alvorlige samvitskonflikter knytt til liv og død. Med alvorlige samvitskonflikter knytt til liv og død meinast først og fremst abort. Heimelen vil også omfatte forskrifter om reservasjon mot aktiv dødshjelp dersom dette skulle bli tillate. Heimelen skal ikkje omfatte føreskriving eller innsetting av prevensjon eller tilvising til assistert befruktning. Vidare foreslår departementet ei endring i pasient- og brukarrettighetslova § 2-1 c fjerde ledd. Endringa skal gi grunnlag for forskrifter om utvida rett til å skifte fastlege for pasientar som står på liste hos ein fastlege som har reservert seg mot tilvising til abort.

I høyringsnotatet foreslår departementet også endringar i fastlegeforskrifta (forskrift 29. august 2012 nr. 842 om fastlegeordninga i kommunane) og i forskrift om pasient- og brukarrettigheter i fastlegeordninga (forskrift 29. august 2012 nr. 843).

Kommunar skal få tilgang til å inngå avtalar med fastlegar om at desse kan reservere seg av samvitsgrunner mot å tilvise kvinner til abort. Fastlegen som reserverer seg må sørge for at kvinner på hans eller hennar liste, som vurderer eller ønskjer tilvising til abort, får tilbod om konsultasjon hjå ein annan fastlege i nærleiken seinast innan neste virkedag. Før kommunen kan inngå avtale om reservasjon, må fastlegen dokumentere at han eller ho har inngått ein skriftleg avtale med ein kollega som forpliktar seg til å ta imot og tilvise dei aktuelle kvinnene. Fastlegen som har reservert seg skal også informere kvinner på si liste som vurderer eller ønskjer tilvising til abort, om at dei kan henvende seg direkte til sjukehuset utan tilvising frå fastlege.

Personar som står på lista til ein fastlege som reserverer seg, skal få rett til å skifte til ein fastlege som ikkje har reservert seg. Dette skiftet skal ikkje reknast som eit skifte etter reglene om inntil to skifte per kalenderår. Før kommunen kan inngå ein avtale om reservasjon, må den forsikre seg om at det er

andre fastlegar i nærleiken med opne lister slik at dei som ønskjer det, kan skifte til ein fastlege som ikkje har reservert seg. Fastlegen skal informere alle sine eksisterande listeinnbyggjarar om reservasjonsavtalen straks avtalen er inngått. Kommunen skal sørgje for at alle innbyggjarane får informasjon om kva legar som til ein kvar tid har reservert seg slik at innbyggjarane er kjent med det når dei skal velgje fastlege. Dette kan for eksempel fremgå av nettsiden for skifte av fastleger – MinFastlege.

Vurdering:

Det er viktig å understreke at det skal vere likskap for lova. På prinsipielt grunnlag bør derfor Stortinget, og ikkje den enkelte kommune, ta stilling til om fastleger skal gis reservasjonsrett.

Kommunelegen sine faglege vurderingar knytt til endringane

Det er ein menneskerett som privatperson å kunne reservere seg i forhold til alvorlege samvitskonfliktar knytt til liv og død. Om det same gjeld i yrkessamanheng, er noko vanskelegare å vurdere, og er avhengig av graden på deltaking. Ein fastlege bør alltid ha som overordna mål å hjelpe pasienten sin, uavhengig av eigen etikk og moral. Legen bør møte pasienten utan fordommar. Det er kvinna sine etiske og moralske problem som er avgjerande. Det er nettopp fastlegen sin ho har oppsøkt i denne vanskelege situasjonen. Det er ei kvinne sin rett til å få fremja søknad om abort, og fastlegen skal berre gje råd og fremje ein søknad om dette til sjukehus, på same måte som fastlegen gjer ved andre tilstandar.

Viser til « Abortloven» slik lovteksten står i dag. Viser også til Pasientrettighetslova § 1-1.

Abortloven:

§ 1. Samfunnet skal så langt råd er sikre alle barn betingelser for en trygg oppvekst. Som et ledd i dette arbeidet skal samfunnet sørge for at alle får etisk veiledning, seksualopplysning, kunnskaper om samlivsspørsmål og tilbud om familieplanlegging, for derved å skape en ansvarsbevisst holdning til disse spørsmål slik at antallet svangerskapsavbrudd blir lavest mulig.

§ 2. Fører et svangerskap til alvorlige vansker for en kvinne, skal hun tilbys informasjon og veiledning om den bistand som samfunnet kan tilby henne. Kvinnen har krav på råd for selv å kunne treffe det endelige valg. Finner kvinnen, etter at hun har fått tilbud om informasjon m.v. som nevnt og veiledning etter § 5 annet ledd første punktum, at hun likevel ikke kan gjennomføre svangerskapet, tar hun selv den endelige avgjørelse om svangerskapsavbrudd såfremt inngrepet kan skje før utgangen av tolvte svangerskapsuke og tungtveiende medisinske grunner ikke taler mot det

Pasientrettighetslova:

*I §1-1 Lovens formål står det at loven..” skal bidra til å sikre befolkningen **lik tilgang på tjenester** av god kvalitet ved å gi pasienter og brukere rettigheter overfor helse-og omsorgstjenesten”.*

Då abortlova kom var dette med at kvinna sjølv, etter grundig informasjon, tok det vanskelege valet med abort eller ikkje, svært viktig. Det blei ei innskerping av dette med informert val gitt av legen og helsearbeidaren, og dette blei lagt stor vekt på. I dette ligg også den vanskelege samtalen, bruke tid og ikkje minst ta vare på kvinna etter at ho har tatt den vanskelege avgjerda viss det blir abort. (Det er også ei god oppfølging i dette viss ho beheld barnet, men då inngår dette i den ordinære svangerskapsomsorga.

I vedlagt høyring om lovendring er vektinga lagt på legens etiske dilemma og ikkje på kvinna si

sjølvbestemming. I lovendringa viser dei også til ei endring i Pasientrettighetslova der dei ser på dette med å kunne skifte fastlege, viss den legen du har valt har reservert seg. Det må då vere eit reelt val. Det dei ikkje har sett på, og som ein reint juridisk vil måtte sjå på, er dette som også står i Pasientrettighetslova, nemleg lik tilgang på tenester.

For Lindås kommune vil ei slik lovendring kunne føre til at ein ikkje kan gje lik tilgang på tenester. Vi har i dag eitt legekontor som berre har ein lege. Viss dette er ein reservasjonslege, har ikkje befolkninga som soknar til dette legekontolet det som i loven er ei lik tilgang på tenester. Slik vil det vere for mange kommunar. Ein kan også kome i ein situasjon kor alle legane ved eit legekontor har funne ut at dei ønskjer å reservere seg, då kan det da bli vanskeleg, både å finne annan lege til dei som vil skifte og å kunne gje lik tilgang til tenester.

Desse kommentarane blir skrive ut frå lovverket og for å kunne forsvare dette med lik tilgang til tenester. Det er mulig ein kan finne ein ny fastlege i neste kvartal i dei største byane, men i kommune-Norge elles, vil ikkje dette vere ein reel muligheit. Igjen vil dette med å kunne tilby innbyggjarar lik teneste og eit reelt val ikkje vere til stades. Dette vil vanskeleggjere vurderingane helseavdelinga i kommunen kan få, når ein skal tilsette legar i fastlegestillingane. På den eine sida har ein reservasjonsretten og på den andre sida har ein pasientrettighetslova. Kanskje er den legen som oppgir reservasjonsretten den best kvalifiserte faglig, kanskje er det ein lege med reservasjonsrett som er einaste søkjar til ein praksis, der ein har reservasjonsleger frå før eller solopraksis. Dette dilemma synes ikkje å ha vore vurdert eller tatt med i lovendringsforslaget.

Per i dag er det ingen fastlegar i Lindås kommune som reserverer seg mot å tilvise til abort.